

Fylkesplan for  
Møre og Romsdal  
2017 - 2020



# Handlingsprogram for **Samferdsel** 2017



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## HANDLINGSPROGRAM SAMFERDSEL (HPS) 2017

### Innhald

0. Innleiing	s.	3
1. Hovudmål 1: Kollektivandelen skal aukast, og tilbodet skal vere attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget	s.	5
2. Hovudmål 2: Moglegheitene i ferjetrafikken skal utnyttast og tilbodet skal ha tilpassa kapasitet og enkle betalingsløysingar	s.	7
3. Hovudmål 3: Transportsystemet skal utviklast og haldast ved like, samt vere effektivt, tilgjengeleg og trafikkikkert for alle typar trafikkantar	s.	8
4. Hovudmål 4: Transportsektoren skal omstillast mot eit samfunn med lågutslepp, og andre negative miljøkonsekvensar skal minimaliserast	s.	10
5. Hovudmål 5: Ferjeavløysing skal vurderast på alle fjordkryssingar, då fastlandssamband er både samfunnsnyttig og skapar vekst og utvikling i samfunnet generelt	s.	12
6. Hovudmål 6: Transportulykker med drepne og hardt skadde skal reduserast ytterlegare - ned mot det nasjonale målet om berre 350 personar i 2030	s.	13
7. Hovudmål 7: Gang- og sykkelvegnettet skal byggjast ut som eit verkemiddel for betre framkome, trafikkisikring, folkehelse og klima.	s.	15

## 0. Innleiing

Handlingsprogram Samferdsel er vedtatt av fylkesutvalet 27. februar 2017 (sak U-9/17).  
Handlingsprogrammet er ei konkretiseringa av måla for innsatsområde Samferdsel i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020.

Handlingsprogrammet inneheld dei viktigaste utviklingstiltaka kommande år.

### Det regionale plansystemet

Handlingsprogram Samferdsel er heimla i Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020.

Regional planstrategi gir ei oversikt over dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover, og prioriterte planoppgåver. Planstrategien viser også til dei nasjonale føringane som er gitt for den regionale planlegginga og korleis desse skal takast omsyn til i Møre og Romsdal.

Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 finn de her: [www.mrfylke.no/rps](http://www.mrfylke.no/rps)

I den regionale planstrategien har fylkestinget prioritert å ha ein overordna regional plan, Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020.

Fagmeldingar, strategiar og andre planar som ikkje er utarbeidd etter krava i plan- og bygningslova skal knytast til fylkesplanen gjennom handlingsprogramma.

### Fylkesplan for Møre og Romsdal

Fylkesplan 2017-2020, regional plan for Møre og Romsdal, vart vedtatt av fylkestinget 13. desember 2016 (sak T-84/16).

Fylkesplana gir høve til å sjå utviklinga på ulike sektorar og forvaltningsnivå under eitt, og bringe sammen aktørar frå ei rekke ulike samfunnsområde. Plana skal vere vegvisar for korleis vi ønskjer å utvikle samfunnet Møre og Romsdal og legge til rette for brei oppfølging av felles mål.

Fylkesplana har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemiddel til å påverke den regionale utviklinga. Desse innsatsområda blir følgt opp av eit handlingsprogram, der Handlingsprogram Samferdsel er eitt av tre.

Handlingsprogramma til fylkesplana legg føringar for val av tiltak og bruk av økonomiske verkemiddel som er avsett til regional utvikling i Møre og Romsdal.

### Overordna prioriteringar

Som ein del av fylkesplana, er det trekt inn overordna prioriteringar – utviklingstrendar som i særleg grad utfordrar både samfunnet Møre og Romsdal og fylkeskommunen som tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Samstundes ligg det store moglegheiter innanfor dei same områda om ein lykkast med å påverke utviklinga i positiv retning. I komande planperiode vil Møre og Romsdal fylkeskommune ha særleg og tverrfagleg merksemd på følgjande område:

- Attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Omstilling
- Integrering

Innanfor innsatsområde Samferdsel vil det i 2017 særleg bli arbeidd med følgande prosjekt knytt til overordna prioriteringar – attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar:

- Pilot kollektiv Campus Ålesund
- Bypakke Ålesund, Molde og Kristiansund
- Byen som regional motor

### Gjennomgåande perspektiv

Dei gjennomgåande perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og statsetatane – skal vurdere i alle planar og tiltak. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid og legge grunnlag for at fylkeskommunen skal kunne vareta sentrale formål i plan- og bygningslova. Perspektiva skal vurderast for alle tiltaka i handlingsprogramma.

Fylkestinget vidarefører tre gjennomgåande perspektiv i fylkesplana for 2017-2020:

- Klima og miljø
- Barn og unge
- Likestilling og inkludering

Dei gjennomgåande perspektiva er symbolisert slik i Handlingsprogrammet:



Barn og unge



Likestilling og inkludering



Klima og miljø

### Strategiar og fagmeldingar som skal følgast opp i Handlingsprogram Samferdsel

- Kollektivstrategi 2012-2021
- Trafikktryggingstrategi 2013-2022
- Finansieringsstrategi
- Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal
- Ferjestrategi 2006-2015
- Internasjonal strategi for Møre og Romsdal 2017-2020: [www.mrfylke.no/internasjonal](http://www.mrfylke.no/internasjonal)

### Prosessarbeid knytt til Handlingsprogram Samferdsel







I samband med ny fylkesplan, har det vore aktivitet knytt til Innsatsområde Samferdsel gjennom heile 2016. Dette har vore:

- Regionalt møte med kommunar og andre eksterne i Romsdal og på Nordmøre med innsatsområde samferdsel som tema i gruppearbeid
- Regionalt møte med kommunar og andre eksterne på Sunnmøre med innsatsområde samferdsel som tema i gruppearbeid
- Heildags leiarsamling for leiinga ved samferdselsavdelinga
- Heildags Workshop for heile samferdselsavdelinga
- Fylkesplan og Handlingsprogram Samferdsel på fleire avdelingsmøte gjennom året

## 1. Hovudmål 1: Kollektivandelen skal aukast, og tilbodet skal vere attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget

Det er tvingande nødvendig, sjølv med stramme økonomisk rammer, å tilpasse busstilbodet til samfunnsutviklinga. Tydelege prioriteringar er særskilt viktig i ein slik situasjon. I 2017 skal det starte opp nye anbodspakker både i Romsdal og på Nordmøre, og det vil bli arbeidd med informasjon, billettering og infrastruktur for kollektiv i heile fylket. Det er likevel betring av tilbodet i Ålesund, og satsing på FRAM Flexx som har prioritet i 2017.



### Resultatmål 1 (2017 – 2022): Auke kollektivandelen i Ålesund til 15%, og i Molde og Kristiansund til 10% innan 2030

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Gjennom betre informasjon, m.a. sanntidsinformasjon, betre billetteringsløyser og betre transporttilbod skal tal reisande aukast med 5 % i Ålesund, 5% i Molde, 3% Kristiansund, samt med 3% på FRAM Ekspress	SA-avd. (Kommunane)	
Starte opp prosjektet Pilot kollektiv Campus Ålesund	SA-avd. (Campusgruppa)	
Dublring av tilbodet på tunge ruter i Ålesund, auke tilbodet noko på søndagar og i sommarmånadane samanlikna med 2016	SA-avd.	
Innfør stiv ruteplan og busstilbod til dei fleste avgangane med hurtigbåt mellom Sula og Ålesund	SA-avd.	
Arbeide for eit raskare rutetilbod mellom Mørebyane og Trondheim	SA-avd.	
<b>(PV)</b> Sjå på moglegheitene for å innføre rimelegare billetter for studentar	SA-avd.	



### Resultatmål 2 (2017 – 2022): Oppnå ein kundetilfredsheits-skår på 70% for kundar som reiser kollektivt meir enn ein gong i månaden

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Betre informasjonsarbeidet knytt til avvik for buss, ferje og hurtigbåt gjennom kanalane; ny reiseplanleggar frammr.no, ny FRAM mobilapp, nye HWD-skjermar/tavler, eksisterande sanntidsskilt på ferjer	SA-avd.	
Skjerpe kvalitetssikringa av rutetider før dei kommuniserast ut i alle kanalar	SA-avd.	
Generering av all ruteinformasjon frå systemet Trapeze Novus FX og berre det	SA-avd.	
Gjennomføre nye opplæringsrundar av sjåførar knytt til FARA billettmaskiner, produktopplæring, samt operatørportal i nytt samhandlingsverktøy	SA-avd.	

**Resultatmål 3 (2017 – 2022): Auke FRAM Flexx reiser til 150 000 innan 2022**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Styrke tilbodet med FRAM Flexx i dei kommunane der det allereie er innført	SA-avd. (Kommunane)	
Innføre FRAM Flexx i Ørsta kommune	SA-avd. (Ørsta kommune)	

**Resultatmål 4 (2017 – 2022): Gode fasilitetar på viktige terminalar, knutepunkt og haldeplassar**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Vidareføre planarbeidet knytt til Gateterminal Keiser Wilhelmgate, Campus Ålesund, og Åse sjukehus gjennom prosjektet Bypakke Ålesund	SA-avd. (Ålesund kommune) (Åse sjukehus) (Campusgruppa) (SVV)	
Finne fram til og prioritere framkometiltak for kollektivtrafikk langs veg mellom haldeplassane i Ålesund gjennom prosjektet Bypakke Ålesund	SA-avd. (Ålesund kommune) (SVV)	
Gjennomføre diverse mindre tiltak knytt til haldeplassar og knutepunkt i heile fylket	SA-avd.	
Starte utarbeidinga av ein strategi for terminalar og haldeplassar. Universell utforming vil vere sentralt.	SA-avd.	

Budsjett 2017 for Resultatmål 1	I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>	
Ruteinformasjon	600
Elektronisk billettering	1 000
Sanntidsinformasjon	6 100
Kollektivtiltak	3 000
<b>Drift:</b>	
Lokale bilruter inkludert FRAM Flexx	350 903
TT-ordninga	15 206
Tilrettelagt skuleskyss	22 439
Diverse samferdselføremål*	43 895

\*Terminalar, FRAM-kundesenter, drift av infosystem, periodebillett ungdom, billettkontrollar, marknadsarbeid, konsulentkjøp

## 2. Hovudmål 2: Moglegheitene i ferjetrafikken skal utnyttast og tilbodet skal ha tilpassa kapasitet og enkle betalingsløysingar

Av dei 20 ferjesambanda på fylkesveg, er det fleire som har kapasitets-utfordringar. Dette blir prøvd løyst, men er utfordrande fordi rammeoverføringane på ferje er for små i forhold til trafikken. Analyser av trafikken, samt ein klår strategi på kva som er tilfredsstillande standard, er noko av det som det vil bli arbeidd med i 2017. Produksjonstilpassing må til, fordi det også er samband som har svært låg trafikk. I tillegg er takstsystemet viktig i forhold til å balansere og tilrettelegge tilbodet.

### Resultatmål 1 (2017 – 2022): Ivareta Møre og Romsdal fylkeskommune sine behov i ny nasjonal ferjestandard

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Arbeide vidare med prosjektet om ny ferjestandard.	SA-avd.	
Arbeide med pakking og utlysning av nye anbuds kontraktar jfr politisk bestilling og politisk handsaming av kravspesifikasjon	SA-avd.	
Forsette arbeidet med å betre korrespondanse mellom ferjene. Nye anbod må ta omsyn til gjennomgåande reiser med kollektive reisemiddel	SA-avd.	
Avklare statleg driftsfinansiering av mogleg ferjesamband Aure - Hitra	SA-avd.	

### Resultatmål 2 (2017 – 2022): Innføre autopass ferje på alle samband i løpet av planperioden

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Arbeide for enklare betalingsløysingar på ferje, m.a. gjennom deltaking i den nasjonale styringsgruppa for utvikling av autopass.	SA-avd.	
Sjå meir info under hovudmål 1, resultatmål 2.		

Budsjett 2017 for Resultatmål 2		I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>		
<b>Drift:</b>		
Fylkesvegferjedrifta		444 136
Båtruter		105 908

### 3. Hovudmål 3: Transportsystemet skal utviklast og haldast ved like, samt vere effektivt, tilgjengeleg og trafiksikkert for alle typer trafikkantar

Vedlikehaldsetterslep er den største utfordringa på vegnettet. Slik det ser ut ved inngangen til 2017 vil dette etterslepet auke. Det er likevel viktig å ta fatt i etterslep der ein viss standard no blir forskriftsfesta, og deretter prioritere vegelement eller strekningar der standarden er så dårleg at det vil gå utover trafikktryggleiken om ikkje noko blir gjort. Samstundes er det viktig å få mest mogleg ut av midlane, og arbeide effektivt. System for dette vil også bli prioritert høgt i 2017.

#### Resultatmål 1 (2017 – 2022): Fjerne vedlikehaldsetterslepet etter tunnelsikkerhetsforskrifta innan 2025

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Starte planlegging for oppgradering av tunnelar etter tunnelsikkerhets-forskrifta i samsvar med politisk vedtak	SA-avd. (SVV)	
Kartlegge tunnelar som ikkje er omfatta av tunnelsikkerhets-forskrifta og lage plan for oppgradering	SA-avd. (SVV)	
Starte utbetring av Godøytunnelen i Giske kommune	SA-avd. (SVV)	
Installere DAB-nett i 14 fylkesveg-tunnellar	SA-avd. (SVV)	
Påverke sentrale styresmakter til å vidareføring støtta til tunnelrehabilitering.	SA-avd.	

#### Resultatmål 2 (2017 – 2022): Tilpasse ferjekaiene på fylkesvegnettet til materiellet i dei nye ferjeanboda

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Planlegge nye ferjekaiar tilpassa nytt ferjemateriell	SA-avd. (SVV)	
Fornye/utbetre ferjekaiene i Liabygda, Mordalsvågen samt Molde ferjekai vest (Sekkenferja). Starte arbeid med nytt anlegg Sulesund ferjekai	SA-avd. (SVV)	

#### Resultatmål 3 (2017 – 2022): Være ein effektiv og tydeleg vegeigar med god eigarstyring

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Heve kompetansen og utarbeide prinsipp og prosedyrar for eigarstyring og prosjektstyring	SA-avd.	
Jobbe for at sentrale styresmakter opprettar eit eige vedlikehaldsprogram knytt til fylkesvegnettet, samt vurdere å opprette eit fylkeskommunalt programområde for tetting av vedlikehaldsetterslep	SA-avd.	
(PV) Kartlegge forsterkings- og dekkeleggingsbehov i heile fylket som grunnlag for eit program der behovet skal	SA-avd. (SVV)	



tettast. Programmet må leggest inn i investeringsprogrammet og økonomiplana, slik at det blir prioritert og rullert årleg.		
Gjennomføre tiltenkt grunnerverv og planlegging	SA-avd. (SVV)	
Gjennomføre miljø- og servicetiltak; tiltak i samsvar med vatten-direktivet, støyreducerande tiltak, samt tiltak for universell utforming	SA-avd. (SVV)	♂♀
Gjennomføre mindre utbetringstiltak på diverse bruer, utbetre/ferdigstille Drivabrua i Sunndal, Herøybrua og Nerlandsøybrua i Herøy, og Babrua i Averøy. I tillegg mindre investeringar, m.a. i Kjørsvikbugen i Aure og Skarabakken i Herøy kommune, samt skilting.	SA-avd. (SVV)	



Budsjett 2017 for Resultatmål 3	I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>	
Mindre utbetringar ferjekaier	77 000
Mindre utbetringar bruer	66 000
Mindre utbetringar tunnelar	56 000
Mindre utbetringar andre investeringar*	28 700
Miljø- og servicetiltak	1 500
Trafikktryggingstiltak	20 500
Planlegging	3 000
Grunnerverv	1 000
<b>Drift:</b>	
Dekkelegging og vegoppmerking	71 260
Bru- og ferjekaivedlikehald	30 350
Div. driftskontraker, opprydding, ferje v. ras	354 550
Straumutgifter	9 184

\*Skilting, mindre utbetringar veg






#### 4. Hovudmål 4: Transportsektoren skal omstillast mot eit samfunn med lågutslepp, og andre negative miljøkonsekvensar skal minimaliserast

Transportsektoren er ein stor miljøsyndar, både når det gjeld utslepp, støy og arealbruk. Den beste måten å gjere noko med dette på, er å få ned behovet for reising, reise kollektivt framfor å bruke privatbil, samt å gå og sykle. Derfor er fleire av dei andre måla i dette handlingsprogrammet vel så viktige som hovudmål 4. Likevel; krav om mest mogleg miljøvennleg gjennomføring av dei reisene vi må gjere, vi medverke til eit betre klima og miljø. Det vil det bli arbeid med å skjerpe framover.


##### Resultatmål 1 (2017 – 2022): Ta i bruk fornybar energi i transportsektoren i Møre og Romsdal

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Utarbeide prosedyre for utgreiing av miljøkrav i del 1 av ny ferjestrategi	SA-avd.	
Utarbeide prosedyre for utgreiing av miljøkrav i samband med utlysing av nye bussanbod	SA-avd.	
Utgreie potensialet for låg- og nullutsleppsteknologi i Ålesund som eit forskingsprosjekt i samarbeid med Møreforskning	SA-avd. (Møreforskning)	
Avklare potensial og kostnader for innføring av lav- og nullutsleppsferjer på ferjesamband i Møre og Romsdal.	SA-avd.	
Verе ein pådrivar for å få utløyst statleg støtte til meir miljøvennleg ferjemateriell	SA-avd.	

##### Resultatmål 2 (2017 – 2022): Redusere miljøskadelege utslepp frå transportsektoren vesentleg gjennom driftsavtalar på ferje, buss og hurtigbåt

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Vurdere ulike ferjesamband med omsyn til teknologi for energi-effektivisering. Potensiale for miljøvinst samt kostnader vurderast før politisk handsaming av kravspesifikasjon.	SA-avd.	
Halde fram arbeidet med tydelegare kontraktsoppfølging for å sikre kvaliteten på leveransane i kontraktane. Avviksrapportering på ferje leggast fram til SA.	SA-avd.	
Takstane og regulativ skal vurderast, og eventuelt endrast, som ein del av grunnlaget for å nytte takstar og regulativ for å styre og balansere ferjetilbodet.	SA-avd.	
(PV) Stortinget sitt krav om null-/lågutslepp på ferjedrifta ved nye anbod og på moglege pilotprosjekt skal følgjast opp.	SA-avd.	
(PV) Vere pådrivar for utviklingsprosjekt for null-/lågutslepp for kollektivtrafikken	SA-avd.	

**Resultatmål 3 (2017 – 2022): Ferdigstille minst ein Regional delplan for samordna areal- og transportplanlegging**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Starte arbeidet med delplan for samordna areal- og transportplanlegging i Ålesundregionen	SA-avd. (PoA)	

Budsjett 2017 for Resultatmål 4	I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>	
<b>Drift:</b>	

Det er ikkje økonomiske midlar knytt til resultatmål 4 i 2017. Dette er arbeid som i stor grad omhandlar å sette krav, og utarbeide gode planar, som vil resultere i betre klima og miljø. Utover dette, kan alt arbeidet med å auke kollektivtilbodet, samt tilrettelegge for gåande og syklende, karakteriserast som arbeid for betre klima og miljø. Dette arbeidet har eigne hovudmål i dette handlingsprogrammet.

5. Hovudmål 5: Ferjeavløysing skal vurderast på alle fjordkryssingar, då fastlandssamband er både samfunnsnyttig og skapar vekst og utvikling i samfunnet generelt

I 2017 blir gjennomføring av neste steg for Nordøyvegen viktig. Meir generelt er det ein sentral oppgåve å vere oppdatert på ny teknologi for fjordkryssingar, samt ha eit godt system for utgreingar og vurderingar av fjordkryssingsprosjekt.

**Resultatmål 1 (2017 – 2022): Etablere og ta i bruk prinsipp for (vurdering av og grunnlag for) prioritering av nye ferjeavløysingsprosjekt**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Etablere krav til dokumentasjonsgrunnlag for prosjektfasane av ferjeavløysingsprosjekt	SA-avd.	
Etablere prosedyrar for prosjekteigarstyring av ferjeavløysingsprosjekt	SA-avd.	

**Resultatmål 2 (2017 – 2022): Ha kunnskap om, medverke til teknologiutvikling og nytte gode men rimelege metodar for fjordkryssingar**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Møre og Romsdal fylkeskommune skal halde seg orientert i forhold til forskning nasjonalt og internasjonalt om fjordkryssingar.	SA-avd.	
(PV) Møre og Romsdal fylkeskommune skal prøve ut ny organisering og alternative tekniske løysingar for å redusere kostnader knytt til bruer	SA-avd.	
Gjennomføre siste fase av planarbeid for Nordøyvegen	SA-avd. (SVV)	
Medverke i planlegginga av Todalsfjordprosjektet	SA-avd. (SVV)	

Budsjett 2017 for Resultatmål 5	I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>	
Fv 659 Nordøyvegen	70 000
Planleggingsmidlar Todalsfjordprosjektet	2 000
<b>Drift:</b>	

6. Hovudmål 6: Transportulykker med drepne og hardt skadde skal reduserast ytterlegare - ned mot det nasjonale målet om berre 350 personar i 2030

Trafikktryggingsarbeidet gir gode resultat, både i forhold til fysisk utforming av trafikksystemet, og i forhold til haldningsskapande arbeid. Trafikkåtferda til den enkelte viser seg å være svært viktig for trafikktrygginga. I 2017 vil fleire av dei gode tiltaka mot barn og unge bli vidareført, noko er justert etter å ha hausta erfaringar. Trafikktrygging i planarbeid er også svært sentralt for å legge opp til minst moglege ulykker i nye prosjekt allereie frå starten.



**Resultatmål 1 (2017 – 2022): Planlegging og utforming av vegnett og tilstøtande areal skal gi trafikantane auka tryggleik**



Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Rask gjennomføring av små og enkle trafikktryggingstiltak gjennom TS-inspeksjonar og gjennom å eigen post i økonomiplana (Eiga politisk sak om mindre ts tiltak )	SA-avd. Infrastruktur (SVV)	
Auka fokus på trafikktrygging i planprosessane , m.a : <ul style="list-style-type: none"> <li>- gjennom nasjonal tiltaksplan for sikkerhet på veg</li> <li>- gjennom samarbeidsforum for Midt-Norge</li> <li>- gjennom kommunale planar</li> <li>- gjennom eigne planar</li> </ul>	SA-avd. Infrastruktur (PoA)	
Gjennomføre trafikktryggleikstiltak på Frøystadtoppen i Herøy, og Furneskryset i Sula	SA-avd. Infrastruktur (SVV)	

**Resultatmål 2 (2017 – 2022): Planlegging og innkjøp av kollektivtenester skal medverkar til auka trafikktryggleik**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Vidareføre «Belteheltekampanjen» , informasjon om bruk av setebelte i buss	SA-avd.	
Legge inn krav om setebelte i buss i framtidige bussanbod	SA-avd.	
Haldeplassar, terminalar og adkomst til desse skal planleggast, utbetrast og byggast på ein måte som gir tilstrekkeleg trafikktryggleik	SA-avd. (SVV)	

**Resultatmål 3 (2017 – 2022): I samarbeid med andre aktørar skal det skapast gode haldningar til trafikkåtferd gjennom kampanjar og arbeid retta mot spesifikke grupper**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Barnehageprosjektet «sikring av barn i bil» vil bli vidareutvikla, der fokuset nå vil vere å feste setebeltet riktig.	SA-avd. (Trygg Trafikk)	
Barneteateret «Ville veier og vrangle skilt» som har forestillingar rundt om i fylket blir vidareført.	SA-avd. (Laffen og Kika)	

Utvikle ein ny sykkelhjelms/refleks-kampanje i ungdomsskolen i regi av Trygg Trafikk.	SA-avd. (Trygg Trafikk)	
Avslutte trafikktryggingsprosjektet «Rett på målgruppa» retta mot aldersgruppa 18-24 år, og erstatte denne med ein enklare modell.	SA-avd.	

Budsjett 2017 for Resultatmål 6		I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>		
Restfinansiering av rassikring Røyr – Hellesylt byggesteg 3		55 000
Diverse mindre TS-tiltak		5 000
<b>Drift:</b>		
FTU		2 620


7. Hovudmål 7: Gang- og sykkelvegnettet skal byggjast ut som eit verkemiddel for betre framkome, trafikksikring, folkehelse og klima.

Å gå og sykle er miljøvennleg, arealeffektivt og helsefremmande. Men då må det vere trafikksikkert og fristande. Det blir det ved å legge til rette for gang- og sykkelveggar tilpassa brukarane, slik at ein kan kome seg enkelt, trygt og effektivt fram. Samstundes må sykkelfasilitetane ved målpunkta vere så gode at det blir fristande å sykle og gå. I 2017 vil vi halde fram med utbygging, og samstundes jobbe for å ta nye steg for å betre til dømes skilting, parkering, samt kombinere ulike tiltak. Dette er spesielt aktuelt i byane, der både folketettheita og trafikken er stor.





**Resultatmål 1 (2017 – 2022): Fortsette å bygge ut gang og sykkelveg i ein radius av 4 km rundt grunnskule og 6 km rundt vidaregåande skule og større arbeidsplasskonsentrasjonar etter tilpassa standard**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Gjennomføre diverse mindre tiltak etter sykkelveginspeksjonar	SA-avd. (SVV)	
Bygge ut gang- og sykkelvegen Almestad - Gurskebotten i Sande kommune	SA-avd. (SVV)	
Få oversikt over handlingsrommet i forhold til ulike standardar for bygging av gang og sykkelveg.	SA-avd. (SVV)	

**Resultatmål 2 (2017 – 2022): Medverke til å bygge ut samanhengande gang og sykkelveggar i byane i samband med bypakkar for å betre framkome, endre reisemiddelfordelinga og medverke til betre folkehelse**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Følgje opp arealplanlegginga av gang- og sykkelveggar som ligg inne i planane for bypakke i Ålesund, Molde og Kristiansund	SA-avd. (SVV) (Kommunane)	

**Resultatmål 3 (2017 – 2022): Legge til rette for sykling gjennom skilting, sykkelparkering, betre tunnelpassering, turistruter, sykling til turmål m.m.**

Tiltak 2017	Ansvarleg (Samarbeidspart)	Gjennomgåande perspektiv
Kartlegge og prioritere strekningar for betre sykkelskilting	SA-avd. (SVV)	
Kartlegge og prioritere kollektivknutepunkt der det kan og bør etablerast sykkelparkering	SA-avd. (SVV)	
Påverke stat og kommune til å legge til rette for sykkelparkering og betre skilting i sine planar	SA-avd.	
Evaluere prøveprosjektet sykkeltransport gjennom tunnel i Atlanterhavstunnelen, og vurdere vidareføring/utviding av ordninga, eller iverksetting av andre ordningar	SA-avd.	

Jobbe fram eit «Sykle til jobben tiltak» ved å nytte element som tilrettelegging av sykkelfasilitetar, betre framkome, restriksjonar på privatbilismen og samarbeid med bedrifter

SA-avd.  
(SVV)



Budsjett 2017 for Resultatmål 7		I 1000 kr
<b>Investeringar:</b>		
Gang- og sykkelveggar		38 100
<b>Drift:</b>		







**Møre og Romsdal  
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6404 Molde  
Telefon 71 25 80 00  
post@mrfylke.no  
www.mrfylke.no